



SØKNAD OM OPPSTART AV ARBEID MED PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN

OG

FØREHANDSUTFYLT INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE

Etter plan- og bygningslov av 2008, med tilhørende forskrifter, sist tredd i kraft 01.01.2018, er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privat detaljreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlige føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at plankonsulent har levert tilstrekkeleg informasjon i tråd med krava i dette skrivet.

Dette skjemaet skal fyllast ut etter krava i [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven](#).

Søknad om oppstart med førehandsutfyllt referat skal sendast til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte. Oppstartsmøte skal gjennomførast innan rimeleg tid etter kommunen har motteke naudsynt informasjon. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet.

Søknad om oppstart av arbeid med privat detaljregulering skal i nødvendig grad omtale følgende:

- a. føremålet med planen
- b. planområdet og om planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet
- c. planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak
- d. utbyggingsvolum og byggehøgder
- e. funksjonell og miljømessig kvalitet
- f. tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar
- g. forholdet til kommuneplan, eventuell gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid
- h. vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet
- i. korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit
- j. kva berørte offentlige organa og andre interesserte som skal varslast om planoppstart
- k. prosessar for samarbeid og medverknad fra berørte fagmyndigheiter, grunneigarar, festere, naboar og andre berørte
- l. vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivareteke.



INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE / REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE

Sak: Hansvika næringsområde	
Møtestad: Herøy rådhus – Gamle formannskapssalen med digital deltaking på Microsoft teams	Møtedato: 15.02.2024, 12:30 – 14:45
Deltakarar:	
Frå plankonsulent (Prodeco AS, deltek digitalt): Kjell Anthonsen – Styreleiar, kontaktperson for tiltakshavar, Pelagia	Frå plan: Ole Magne Rotevatn, Avdelingsleiar Vegard Ose Velle, Arealplanleggar
Tine Marie Frostad Valde – Byggingeniør, kontaktperson for kommunen	Frå Anlegg og drift: Fred Arnesen, Avdelingsleiar
	Frå landbruk: Frank Robert Stenersen, Byggesakshandsamar
	Andre:
Planføresetnader	
Plantype	
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering (PBL, §12-3)	
<input type="checkbox"/> Endring av eksisterande plan (Ikkje i samråd med PBL §12-14, må handsamast etter §12-3)	
<input type="checkbox"/> Mindre planendring (PBL, §12-14)	
Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)	
Kommuneplanen sin arealdel: Ja	
Kommunedelplan.....	
Reguleringsplan.....	
Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....	
<input type="checkbox"/> Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:	
<input type="checkbox"/> Planen vil erstatte delar av følgjande planar:	
Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)	
<input checked="" type="checkbox"/> Plankonsulent har levert forslag som del av samla søknad om planoppstart. Ev. forslag til justert avgrensing som avtalt i dette møtet må oversendast til kommunen i etterkant.	
Mål for planarbeidet:	
<input checked="" type="checkbox"/> Forslagsstillar har skildra mål med planarbeidet som del av søknad om planoppstart	
Namn på planen:	
Forslagsstillar sitt forslag til namn: «Hansvika næringsområde»	
Kommunen har ikkje vidare merknadar til føreslått plannamn.	



- Planforslaget er i samsvar med overordna plan.
- Planforslaget er delvis i samsvar med overordna plan.
- Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad:

Mindre delar av planområde mot nord er i kommuneplanen sin arealdel regulert til kombinertformål NFFFA (*Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhørende strandsoner*), som vil vere i strid med planlagde arealformål for hamn og industri (*Ved utfylling*). Mot sørvest vil delar av planområdet (*For tilkomstveg og vegkryss*) dekke areal regulert til LNFR, som også vil skape konflikt gitt sannsynlege framtidige arealformål for veg. Til slutt vil mindre delar av planområdet mot søraust dekke areal regulert til bustadformål og «*Andre typer bebyggelse og anlegg*» (*Naust*), som òg vil vere i strid med arealformål for industri i det komande planarbeidet. Resten av planområdet samsvarar elles med kommuneplanen (*Industriformål*).

Pågåande planarbeid

- Det pågår ikkje anna planarbeid i området
- Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad: *Mogleg framtidig detaljreguleringsarbeid for sjøbotndeponi, om alternativ for Hansvika blir vald. Kan verte aktuelt å samkjøre dette prosjekt med deponeringsarbeidet. Forholdet vil bli avklart etter kommunestyremøte den 29.02.2024, med påfølgjande oppmelding for oppstart av Hansvika næringsområde til utval for samfunnsutvikling.*

Planprogram

Utløyser planen krav om planprogram? (jf. § 4-1 i planlova) Nei

Merknad: *Vurdert av konsulent oppimot 8c i vedlegg 1. Skip til hamna vil ikkje overstige grensekrav på 1350 tonn. Derfor ikkje krav om planprogram etter §6b i «Forskrift for konsekvensutredningar». Administrasjonen har ikkje funne andre delar av vedlegg 1 som er aktuelle for tiltaket, og sluttar seg derfor til konsulentens sin vurdering.*

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)? Ja

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad og framdriftsplan:

Vurdert oppimot §8a i «Forskrift for konsekvensutredning».

Konsulent har framheva punkt 10k som aktuelt, gitt planlagd utbygging av molo. Vurdera ikkje KUplicht pga. samsvar mellom tiltak og kommuneplan.

Administrasjonen vurderer også punkt 10a og 10e (ii) som aktuelle. §8a omhandlar også tiltak som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planarbeidet vil medføre større terrenginngrep, òg resultere i utvida drift innanfor eit eksisterande industriområde. Dette kan resultere i negative verknader for naboar òg lokale naturverdiar, i tillegg til fritidsområder i Kyrkjegardsvika mot vest òg kulturmiljøet «*Flåværløia*» meir generelt. Hansvika er også inkludert i dette miljøet pga. tidlegare



etterkrigshistorie som industriområde. På dette grunnlag vil det derfor stillast krav om konsekvensutgreiing, då med fokus på alternative løysingar framfor alternativ plassering.

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad: Nei

Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

Kommunale vedtekter/forskrift	
- Parkeringsvedtekter	Sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel
- Forskrift om gebyrregulativ	For private planarbeid skal det betalast to satsar. Første betaling er handsamingsgebyr og er ein fast sum. Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til varsel om oppstart. Andre betaling er arealgebyr og er todelt. Ein fast sum for planar opp til 5000 m ² . Andre del er eit beløp per påstarta 1000 m ² over 5000 m ² . Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til offentleg ettersyn. Sjå Herøy kommune sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside for oppdatert prisar.
- Krav til leikeplassar	Sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel

Viktige vurderingar – Skal omtalast i søknad om oppstart (ikkje uttømande liste)

Tema:	Tilleggsopplysningar, vurdering:
Planfaglege vurderingar	<ul style="list-style-type: none">- Sjå vurderingar kring behov for planprogram og konsekvensutgreiing i førre deltabell «Planføresetnadar». Vi minner om at Møre og Romsdal fylkeskommune og/eller Statsforvaltaren i Møre og Romsdal kan sette krav om konsekvensutgreiing og planprogram ved seinare høyringar uavhengig av kommunen sine vurderingar, om dette vurderast av de som nødvendig. Elles: <ul style="list-style-type: none">- Det vil vere viktig å legge stort fokus på landskapstilpassing av tiltak òg bevaring av eksisterande kulturmiljø og - landskap i denne del av Flåværlia. Vil også vere viktig å vise omsyn til eksisterande



	<p>naturverdiar på land og i sjø, deriblant fiskeriområder og skjellsandområder i vest. Avbøtande tiltak må utgreiast og implementerast for desse fagområda om vurdert som nødvendig.</p> <ul style="list-style-type: none">- Forureining frå anlegget, både i form av støy, lukt, lys, og ev. støv må avklarast for naboar til anlegget. Dette vil gjelde både anleggsfasen og vanleg driftsfase, og må resultere i avbøtande tiltak som redusera negative verknadar mest råd. Vurderast som aktuelt gitt at delar av planområde i aust vil dekke areal regulert til bustadformål og naustutbygging i kommuneplanen.- Ikkje aktuelt å utgreie alternative lokalitetar, men det må drøftast rundt ulike alternativ for utvida industriverksemd. Dette må ta utgangspunkt i ev. negative verknadar for ulike naturverdiar og forvaltningsobjekt mm., og ev. negative verknadar for lokalbuande, forbipasserande trafikk på land og i sjø, òg ferdande i terreng i fjellområda mot sør.- Pågåande prosess for val av deponiområde, for massar frå miljømudring av Fosnavåg hamn, har delar av tilgrensande hamneområde («H3» i kommuneplanen sin arealdel) som mogleg deponilokalitet. Det kan verte aktuelt å samkjøre dette prosjektet med deponeringsarbeidet, dersom det politisk blir vedteke å gå vidare med Hansvika.- Ikkje alt av areal avsett til industri i vestre del av Hansvika (N16 i kommuneplanen) er inkludert i planområdet. Dette kan tolkast som at vidare utvidingar og utfyllingar i retning kulturmiljøet i Kyrkjegardsvika, eller LNFR området mot sør, kan bli aktuelt i framtida, noko som ikkje er ønskeleg av sektormynder. <p>Plangrensa må utvidast til å inkludere siste restar av industriområder innanfor delområde N16 i arealdelen til gjeldande kommuneplan. Ei tilsvarande utviding mot delområde «N15» i aust vurderast ikkje som nødvendig, då eit anna selskap (Legemyrane 4 AS) disponera grunneigendommen.</p>
--	--



	<ul style="list-style-type: none">- Endeleg plangrense fastsettast på grunnlag av val av endeleg deponiløysing for Fosnavåg hamn, etter vedtak i kommunestyret den 29.02.2024.
Strandsona til sjø og vassdrag	<ul style="list-style-type: none">- Planområdet vert liggande innanfor 100-meters beltet til sjø, og ligger godt innanfor ulike stormfloscenario ved framtidig klimapåslag. Planarbeidet må ta stilling til effekt av framtidig havstigning som del av klimatilpassingsarbeide, og utarbeide og innføre avbøtande tiltak gjennom bl.a. føresegnene til plan. <p>Tilgang til strandsona må også ivareta for eksisterande fritidsinteresser i hamnebassenget, i den grad dette er praktisk og forsvarleg mogleg, spesielt av omsyn til eksisterande fritidsbygg mot aust.</p>
Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	<ul style="list-style-type: none">- Jamfør NIBIOs nettløysing «<i>Kilden</i>» er fleire areal mot sør registrert som fulldyrka jord og innmarksbeite (AR5), med areal som eignar seg til fylldyrking. Tiltak på vegtilkomst i sør kan kome i konflikt med denne arealbruken. Dette må visast omsyn til i vidare planarbeid, med ev. flytting av dyrkamark om vurdert som nødvendig. Matjord må sikrast eit større vern i plan, jamfør forventningar frå regjeringa.
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none">- Naturbasen til miljødirektoratet viser at eit lite areal på nordvestsida av Steinsholmen, og store delar av Legeholmen i aust, er registrert med utvald naturtype kystlynghei. Planområdet grensar også til ein bestand kystlynghei i vest (<i>Namn: Moltusteinen</i>), men denne er i svært redusert tilstand med svært låg kvalitet. Til slutt har Legeholmen ei registrering av semi naturleg strandeng på sørspissen, registrert med stor verdi.- Naturbasen viser elles registreringar av marin naturtype skjellsand i havområda nordvest for Moltusteinen, og ei registrering av skjellsand aust for Notaskjeret nærmare Ryssevika. Det er også registrert artsområde og artsregistreringar for artar av nasjonal forvaltningsinteresser ved



	<p>Legeholmen og Notaskjeret, då for Tjeld, ærfugl og plantetypen berghøymol.</p> <ul style="list-style-type: none">- I tillegg til registreringar frå Naturbasen, har artskartløyising til artsdatabanken punktregistreringar av fiskemåke i austre delar av føreslått planområde, og punktregistrering av granmeis vest for planområdet (<i>Ved tilgrensande bustadar</i>). Ei meir områdedekkande registrering (<i>Som inkludera planområdet</i>) av makrellterne nord for Munkestranda (<i>Mogleg reproduksjonsområde</i>) finst også mellom Legeholmen og Notaskjeret.- I fiskeridirektoratet sin nettløyising Yggdrasil er sjøområdet til plan avsett som del av regionalt gytefelt «<i>Dimna</i>» for kysttorsk. Det er også registrert fiskeplassar for aktivt reiskap i nord (<i>Flåvær- Herøyholmen 2</i>) og vest (<i>Moltuvika</i>) for planområdet, i tillegg til fiskeplass for passivt reiskap (<i>Moltuvika</i>).- I vidare prosess må det takast stilling til verknadar på ovannemnde registreringar av artar, naturmangfald, og fiskeområder under livsfasen til prosjektet òg ettertida. Spesielt forureining i form av lys, støy og ev. utslepp frå drift må takast omsyn til, og må resultere i avbøtande tiltak som redusera negative verknadar mest råd.- Avdelingsleiar for plan vurderer det også som sannsynleg at Statsforvaltaren og/eller naturvernforbundet kan sitte på meir detaljerte data for ulike artsregistreringar, t.d. havørn. Det kan derfor kome krav til fagutgreiningar innan fagområdet som del av komande høyringar.
Kulturlandskap og kulturminne	<ul style="list-style-type: none">- Hansvika utgjer, saman med Kyrkjegardsvika, av det større kulturmiljøet Flåværleia, som er lagt inn i KULA-registeret for Møre og Romsdal fylke. Dette har blitt framheva i pågåande sak for hamnedeponi, då for alternativ Kyrkjegardsvika og Hansvika, og vil sannsynlegvis bli ein del av sakshandsaminga i dette planarbeidet òg.- Utanfor dette grensar planområdet i både aust og vest til fleire SEFRAK-bygningar i



	<p>gul klassering. Registrering mot sørvest «Stove på Moltustranda» ligg nærmast, og er derfor sannsynlegvis mest utsett.</p> <ul style="list-style-type: none">- Det er ikkje vurdert at tiltaket vil kome i konflikt med SEKFRAK-bygningane, men kan ha ein negativ innverknad på kulturmiljøet i Flåværleia. Dette må visast omsyn til i vidare planarbeide, og det må utarbeidast òg innførast avbøtande tiltak som redusera negative verknadar mest råd. Møre og Romsdal fylkeskommune blir ein viktig høyringsinstans for fagområdet.
Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	<p><i>Sjekkliste for risiko og sårbarheit må gåast gjennom. Faremoment som måtte gå fram av sjekkliste må vurderast nærmare.</i></p> <ul style="list-style-type: none">- Planområdet vil i hovudsak gå klar av gjeldande aktsemdskart for skred ifølge nettenesta GISLINK.no, med unntak av særleg del ved fylkesvegen der utløpssone for steinsprang, og oppdaterte NAKSIN kart for snøskred (<i>utan skogeffekt</i>) vil gå over plangrensa. Med skogeffekt av skogparti nord for fjelltoppen Lisjehanen (<i>Gbnr. 60/3</i>), vil aktsemdskart for snøskred verte avgrensa til områder sør om fylkesveg. Fare for snøskred i denne del av planområdet vert derfor liten.- Tiltakshavar viser til ei tidlegare skredfareutredning som friskmelder planområdet. Denne må liggje ved planinitiativet før administrasjonen fremmar saka for politisk handsaming. NVE må også få førelagt utredninga som del av oppstartsvarselet. Dette må ordnast gjennom spesifikk uttale til NVE, då generelle varsel om planoppstart ikkje blir svart ut etter våre erfaringar.- Bekkeløp langs austre delar av planområdet har ei aktsemdssone for flaum jamfør nettenesta GISLINK.no, noko som må visast omsyn til dersom ein planlegg utbygging i dette området.- Tiltaket òg nærliggande busetnad ligg under marin grense lokalt ifølge NGUs (<i>Norges geologiske undersøkelse</i>) karttenester, og det kan derfor førekome



	<p>tilfelle av marin leire, spesielt innanfor områder avsett med jordtypen «<i>Marin strandavsetning</i>». Plan må ta stilling til korvidt det ved utbygging av industriområdet vart gjort undersøkingar av grunntilhøve, og om tiltaket kan føre til vidare utglidingar i ev. ustabile grunnmassar innanfor planområdet (<i>Trygg byggegrunn, PBL §28-1</i>).</p> <ul style="list-style-type: none">- Vi viser elles til tidlegare merknadar knytt til stormflo.
Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	<ul style="list-style-type: none">- Ikkje direkte aktuelt for tiltaket, men areal ved Moltusteinen mot vest (<i>Med tilgrensande badeområde</i>) er registrert i tidlegare barnetrakkundersøking frå 2012, og ein har inntrykket frå pågåande sakshandsaming for Fosnavåg hamn at Kyrkjegardsvika er mykje brukt.- Som nabo til tiltaket må ein derfor vise omsyn til verknadar for barn – og unge i dette området, i tillegg til andre utsette brukargrupper. Oppveksttilhøve i nærområdet må inngå i vurderingane. Avbøtande tiltak utarbeidast og innførast om vurdert som nødvendig. <p>Administrasjonen sender over SOSI-fil frå barnetrakkregistrering etter møtet.</p>
Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/trafiksikkerheit	<ul style="list-style-type: none">- Det må sikrast nødvendige frisikttilhøve frå og til uttaksområdet gjennom planarbeidet, slik at trafikktryggleiken ikkje blir redusert som følgje av tiltaket. <p>Dette vil innebære at tilstrekkelege frisiktsoner blir avsett, og at frisiktlinjer strekkast ut til skjeringspunkt med relevante kjørebane. Om tiltaket resultera i ei trafikkauke frå og til området, må dette gjerast greie for i eigen rapport eller planomtalen, og resultere i ev. avbøtande tiltak om vurdert som nødvendig.</p> <ul style="list-style-type: none">- Alle frisiktsoner – og linjer skal inngå innanfor planområdet, og plangrensa må derfor utvidast om dette er nødvendig for å oppfylle dette kravet.



Vatn, avløp, renovasjon, el-forsyning med meir	<ul style="list-style-type: none">- Lokal del av hovudleidningsnett for drikkevatt kryssar tilkomstvegen, og strekker seg inn mot plangrensa i sør ved sørlegast bygning innanfor gbnr. 60/34 (<i>Bygningsnummer: 179364832</i>). Dette må visast omsyn til i plan dersom tiltak på tilkomstveg skal utførast, for å unngå forstyrring av vassforsyninga.- Om ny drift vil medføre auka i belastning på straumnettet, må linjeeigar «<i>Linja AS</i>» få tilsendt varsel om planoppstart, slik at prosess for ev. forsterking av kraftforsyning kan startast opp.- Elles registrera administrasjonen at der er to busstopp langs fylkesvegen ligg søraust for planområdet. Det er ikkje vurdert at tiltaket vil få direkte innverknad for desse, men vi forventar at dette inngår som del av vurderingar rundt mogleg endra trafikkmønster.
Støy	<ul style="list-style-type: none">- Aktuelt av omsyn til tilgrensande busetnad i sør, vest og aust. Også viktig av omsyn til tilgrensande naturmangfalds – og artsregistreringar i sjøområda òg på land, i tillegg til lokalt kulturmiljø «<i>Flåværløia</i>» og fritidsinteresser i Kyrkjegardsvika mot vest (<i>Gjelder både sjø og land</i>).- Må vurdere verknad av utvida drift og tiltak, med utgangspunkt i ønska driftsform og grenseverdiar i «<i>Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging</i>» «T-1442/2021) frå Klima – og miljødepartementet. Vurderingane skal resultere i eigne omsynssoner for støy. Eigen rapport må ligge ved planforslag.
Estetisk utforming og omsyn til omgjevnadane	<ul style="list-style-type: none">- Det lokale landskapet er ifølge google street view bilete (<i>Datert April 2022</i>) òg flyfoto frå NorgeiBilder (<i>Ytre Søre Sunnmøre 2019</i>) dominert av kystnære, opne markareal, med spreidde klynger av skog bestående av bartre og lauvskog ifølge NIBIO sine datasett



	<p>(«Kilden»). Sjølve tiltaksområdet er tungt påverka av tidlegare industriell verksemd, og har ikkje nokon andre naturkvalitetar utanfor dette.</p> <ul style="list-style-type: none">- Nin-systemet klassifisera terrenget som «Åpent fjordlandskap med tettsted».- Uklart på dette tidspunkt kva den totalt innverknaden av planlagde inngrep vil vere, då området frå før er tungt påverka av industriell verksemd. Nye ensilasjetankar vil vere godt synlege både i nærområdet òg på lange avstandar. Også moloutbygging vil resultere i permanent endring av landskapet. <p>Begge kan vurderast å vere negative, men grad av negativ innverknad vil i stor grad kunne påverkast av avbøtande tiltak som innførast i planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none">- Ei vurdering av landskapsinnverknaden må uansett inngå i det vidare planarbeidet, enten som eige rapport eller som del av planomtalen. Avbøtande tiltak må utarbeidast for å redusere både nær – og fjernverknadar av tiltak, noko som helst også bør inkludere føringar for eksisterande bygg. <p>Dette vurderast som spesielt viktig då industriområdet er godt synleg i dag, og det finst lite vernande landskapsformer og vegetasjon som er vurdert å dempe planlagde inngrep i dette.</p>
Særskild behov for medverknad	<ul style="list-style-type: none">- Kommunen sett ikkje større krav utanfor minstekrav i PBL, men vil anbefale at eit godt opplegg for medverknad for naboar blir innført. Grunneigarmøter kan med fordel utførast om vurdert som nødvendig, men er ikkje sett som eit krav frå administrasjonen.- Av større sektormyndigheiter vurderast kystverket og fiskeridirektoratet som dei aller viktigaste. NVE må også få framlagt sak for uttale av omsyn til skredrisiko, og det må presiserast kva ein spesifikt ynskjer uttale på, for å unngå generelle tilbakemeldingar.



	<p>Statsforvaltaren og fylkeskommunen må elles alltid få framlagt saker til behandling, spesielt M&R fylkeskommune som vegeigar av fylkesveg. Naturvernforbundet må også koplast på av omsyn til naturvern, i tillegg til statens vegvesen av omsyn til forhold kring trafikktryggleik.</p> <p>Til slutt bør også Herøy sokn inkluderast av omsyn til gravplassen mot vest, mattilsynet av omsyn til matfiskproduksjon, og søre sunnmøre fiskarlag av omsyn til lokale fiskeinteresser i nærområdet.</p> <ul style="list-style-type: none">- Kommunen viser elles til varslingsliste på våre nettsider, og ber konsulent om å følgje opp denne òg ev. inkludere andre aktuelle sektormynder om vurdert som nødvendig i saksarbeidet.
Økonomiske konsekvensar for kommunen	<ul style="list-style-type: none">- Uklart på dette tidspunkt, men kan tolkast til å vere både positivt og negativt. Veldig avhengig av korleis endeleg løysing vert utforma, og kor mykje ein klarer å redusere negative verknadar for bl.a. naboar. Positivt at utvida industriverksemd blir lagt til rette for, men også potensielt negativt for tilgrensande fellesinteresser, naturverdiar og naboar.
Enkel trafikkanalyse (køyreveggar og sykkelveggar), dagens situasjon.	<ul style="list-style-type: none">- Om det blir vurdert at trafikkmønsteret frå og til området blir vesentleg endra som følgje av dette planarbeidet, må det utarbeidast ei trafikkanalyse (<i>Som eigen rapport eller del av planomtalen</i>), som vidare resultera i ev. avbøtande tiltak om vurdert som nødvendig.
Kontroll av grenser innanfor planområdet og tilgrensande eigedomar	<ul style="list-style-type: none">- Noko unøyaktig grense mellom utbyggingsområdet og fleire nabotomter (<i>Inntil 2 meter avvik</i>).- Ikkje vurdert som nødvendig med vidare klargjering som del av planprosessen.
Anna:	



Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:	
Tema:	Vurdering:
Opplegg for samarbeid, medverknad og samfunnstryggleik?	<p>Merknad: Konsulent må utføre varsling av oppstart av detaljreguleringsplan jamfør §12-8 i plan – og bygningslova, med annonsering i lokal avis (<i>Vestlandsnytt</i>) òg utsending av varselbrev til naboar og sektormynder. Kommunen må også stå på denne varslingslista, slik at dato for varsling kan leggjast inn i våre arkivsystem (<i>Arealplanar.no</i>) saman med høyringsdokument. Administrasjonen vil også leggje fram oppstartsvarsel for aktuelle råd – og utval.</p> <p>Etter behandling av oversendt privat planforslag òg påfølgjande politisk handsaming, vil kommunen stå for den vidare varslinga ved offentleg ettersyn jamfør føringar i §§12-10 og 12-11. Administrasjonen vil også leggje fram varsel om off. ettersyn for aktuelle råd – og utval. Etter høyringsperioda er overstått har kommunen praksis for at konsulent handsamar innkomne merknadar med justeringar til plandokumentasjon, før saka behandlast vidare.</p> <p>Ved ferdigstilling av planforslag, legg deretter kommunen fram dette for sluttbehandling i utvalet, formannskapet, og til slutt kommunestyret. Ved vedtak leggjast planforslaget deretter ut offentleg (<i>ev. etter korrigeringar</i>) med klageperiode på 3 veker.</p>
Skal det lagast utgreiingar eller rapportar om andre tema?	<p>Rapport for private planar skal utarbeidast av plankonsulent eller fagkyndige.</p> <p>I dette planarbeidet vurderast det som viktigast med utgreiingar knytt til forureiningsproblematikk, med fokus på både støv, støv, lys, og lukt. Utgreiing av grunntilhøve (<i>Kvikkleire, Geoteknikk</i>) vurderast også som viktig, for å avklare korvidt grunn er trygg for vidare utnytting (<i>PBL, §28-1</i>). Til slutt vurderast også eiga trafikkanalyse som nødvendig av omsyn til trafikktryggleik. Vi viser elles til komande «<i>kravliste til planforslag</i>».</p> <p>Skredrapport som blir vist til i planinitiativ må også inngå i planarbeidet som eige vedlegg. Dersom rapporten er utarbeida med faresonar,</p>



	ber vi om at denne lastast opp til skrednett.no, for å utvide dekninga av faresonekartlegging i Herøy kommune.
Kommunalt bidrag i planarbeidet?	Sjå « <i>Opplegg for samarbeid, medverknad og samfunnstryggleik?</i> ». Elles ingen bidrag for denne saka med det vi kjenner.
Behov for dialogmøte med kommunen?	Konsulent tek kontakt ved behov.
Framdriftsplan:	<p>Plandokumentasjonen sendast over til administrasjonen når forslaget er klar for politisk handsaming. Administrasjonen vil sjekke dette oppimot vår kravspesifikasjon (<i>Som konsulent skal ha fått tilsendt</i>), og om vurdert som nødvendig, sende planforslaget tilbake til konsulent for vidare tilpassing med utfyllt kravspesifikasjon (<i>Med manglar utheva</i>).</p> <p>Planinitiativet handsamast først for planoppstart i utval for samfunnsutvikling, etter utføring av oppstartsmøtet med ev. tilhøyrande oppdateringar. Ved oversending av endeleg planforslag (<i>Etter gjennomgang av administrasjonen</i>), leggjast saka på nytt fram for utvalet i forkant av offentleg ettersyn. Til slutt leggjast saka fram for slutthandsaming i utvalet, formannskapet og kommunestyret, etter ev. korrigering av planforslaget for å imøtekomme innkomne merknadar. Dette etterfølgast til slutt av ei klageperiode på 3 veker.</p> <p>På noverande tidspunkt blir det vanskeleg å fastsette enkelte datoar for møtebehandlingar. Datoar fastsettast derfor fortløpande i tråd med saksbehandlinga og kapasitet på avdelinga. Oppstart kan forventast gjennomført i første eller andre kvartal.</p> <p>Val av deponi for massar frå Fosnavåg hamn kan ha innverknad på dette tilhøvet, då val av alternativ for Hansvika kan medføre at prosjekta må samanførast. Vedtak i kommunestyret er planlagt den 29.02.2024. Framlegg av oppstartssak for Hansvika næringsområde, med forslag til plangrense, utarbeidast derfor parallelt med denne møtebehandlinga, og tilpassast etter endeleg deponival.</p>
Kommunalteknisk anlegg	



Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.	Ja
Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget	Nei
Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Nei

Komplett planforslag skal innehalde:

Materiell:		Format	Merknad/kommentar:
<input checked="" type="checkbox"/>	Utfylt kravspesifikasjon	docx	sjå lenke nedst i dette dokument
<input checked="" type="checkbox"/>	Plankart	PDF, SOSI	Alle hensynssooner og faresoner som går fram av endeleg planforslag (<i>bl.a. for skred og støy</i>) skal inngå i endeleg arealplankart som leverast til kommunen.
<input checked="" type="checkbox"/>	Føresegner	PDF, docx	Administrasjonen skal, ved innsending av planforslag til offentleg ettersyn, få tilsendt dokumentet på word-format i tillegg til PDF-versjon, slik at vi sjølve kan utføre mindre tilpassingar etter off. ettersyn og sluttbehandling.
<input checked="" type="checkbox"/>	Planomtale	PDF, docx	Administrasjonen skal, ved innsending av planforslag til offentleg ettersyn, få tilsendt dokumentet på word-format i tillegg til PDF-versjon, slik at vi sjølve kan utføre mindre tilpassingar etter off. ettersyn og sluttbehandling.
<input checked="" type="checkbox"/>	Merknadsskjema	PDF	Dokument skal inkludere merknadar frå både oppstart av planarbeidet òg offentleg ettersyn, og skal gi omtale av korleis desse er imøtekomne av konsulent med ev. endringar i dokumentasjonen. Konsulent har ansvaret for å korrigere planforslag i møte med innkomne merknadar ved høyringar (Sjå « <i>Stadfesting og atterhald</i> »).
<input checked="" type="checkbox"/>	Illustrasjonsplan	PDF	

			<p>Må tydeleg vise endeleg utforming for anlegg ved maksimal utnytting, og må tilpassast gjennom planprosessen dersom dette blir endra. Tankar og molo må visast tydeleg i dokumentet, då vi vurderer desse som avgjerande for landskapsverknaden. Vi viser elles til kravspesifikasjonen.</p> <p>Konsulent vurderer om der er behov for illustrasjonsplan som eige vedlegg, eller som del av planomtalen.</p>
<input checked="" type="checkbox"/>	Snitt og oppriss	PDF	<p>Må tydeleg vise dimensjonering av både nye tankar og molo, slik at naboar og andre interessentar kan sette seg godt inn i størrelsen av planlagde tiltak.</p> <p>Konsulent vurderer om der er behov for slike illustrasjonar som eige vedlegg, eller som del av planomtalen.</p>
<input checked="" type="checkbox"/>	Fotomontasje, perspektiv	PDF	<p>Må tydeleg vise kva verknad planlagde byggetiltak vil ha på det lokale landskapsbiletet, med fleire perspektivvinklar. Spesielt tilgrensande bustadområde og friluftslivområder må leggast fokus på. Vi viser elles til kravspesifikasjonen.</p> <p>Kan inngå som del av planomtalen, om vurdert som hensiktsmessig/praktisk, men gjerne også som eige vedlegg.</p>
<input type="checkbox"/>	3D-modell	Vrml/kml/kmz/x3d/3ds	
<input checked="" type="checkbox"/>	Sol- og skyggeillustrasjonar	PDF	<p>Vurderast som spesielt viktig for naboar til dei planlagde nye tankane innanfor industriområdet, òg brukarar av Kyrkjegardsvika i vest. Som for andre illustrasjonar kan dette inngå som del av planomtalen, eller som eige vedlegg til planforslaget.</p>
<input checked="" type="checkbox"/>	Lengde- og tverrprofilar veg	PDF	<p>Må tydeleg vise planlagde endringar til dagens tilkomstveg òg tilhøve knytt til fylkesvegen og</p>



			tilknytt gang/-sykkelveg som følge av tiltaket. Vi viser elles til kravspesifikasjonen.
<input checked="" type="checkbox"/>	ROS-analyse	PDF	<p>Må ta stilling til både verknadar innanfor og utanfor planområde. Influensområdet vurderast å kunne vere stort i denne saka pga. landskapsverknadar, og forureining i form av lys, lukt og støy. Vi viser elles til kravspesifikasjonen.</p> <p>ROS-skjema brukast som del av kunngjering av oppstart, og må oppdaterast etter oppstartsmøtet er avslutta. Punkt framheva i ROS-skjemaet utforskast og utredast vidare i planforslaget, og skal inngå enten som del av planomtalen, eller som eige vedlegg til forslaget.</p>
<input type="checkbox"/>	Teknisk plan VA	PDF	<p>Leiar for avdeling for anlegg – og drift, Fred Arnesen, viser til at lokal vassleidning er eigd og drifta av privat vasslag «Molustranda Vassverk». Ei avklaring med vasslaget om effekt av planarbeid på lokal vassforsyning og ev. tilpassingsbehov, vurderast derfor som tilstrekkeleg. Då i form av eige vedlegg (<i>Uttale</i>).</p>
<input type="checkbox"/>	Kulturminnedokumentasjon	PDF	<p>Ikkje vurdert som nødvendig med eigen rapport gitt tidlegare undersøkingar av eksisterande kunnskap (<i>Bl.a. frå pågåande saksutgreiing for Fosnavåg hamn</i>), men kan verte relevant seinare ved ev. utgravingar. Må inngå vurdering av kulturminne som del av planomtalen.</p> <p>Møre og Romsdal fylkeskommune og Museum Vest (<i>Bergen sjøfartsmuseum</i>) kan krevje vidare utgravingar og rapportutarbeiding som del av planarbeidet.</p>
<input checked="" type="checkbox"/>	Støyrapport	PDF	Må ta utgangspunkt i grenseverdiar jamfør retningslinje

			T-1442. Vurderingane må ta høgde for både gjennomsnittleg støynivå og meir konservative verdiar. Ev. føreslåtte avbøtande tiltak skal heimlast gjennom føresegnkrav (<i>Krav til drift</i>). Støysoner skal inngå i plankart.
<input type="checkbox"/>	Plan for avfallsordning	PDF	Ikkje vurdert som nødvendig i dette planarbeidet.
<input checked="" type="checkbox"/>	Trafikkanalyse	PDF	Må ta stilling til kva effekt planlagde tiltak og utvida drift vil ha på lokalt trafikkmønster. Kan inngå som del av planomtalen, eller som eige vedlegg.
<input checked="" type="checkbox"/>	Landskapsanalyse	PDF	Må ta grundig stilling til landskapsverknaden inngrepet vil medføre. Analysen skal resultere i avbøtande tiltak som redusera dei negative verknadane mest råd. Tiltaka skal heimlast i føresegnene. Inngår som del av planomtale. Ikkje så kompliserte tilhøve som krev eigen rapport.
<input checked="" type="checkbox"/>	Naturmangfaldrapport	PDF	Gitt nærheita til fleire viktige naturmangfaldsområder – og registreringar, vurderer vi det som nødvendig med detaljutgreiing av verknaden på naturmangfald. Denne vurderinga kan følgje opp funn frå Norconsult sine eigne utredningar i pågåande prosjekt for miljømudring i Fosnavåg hamn, for utgreiing av lokale tilhøve i Hansvika.
<input checked="" type="checkbox"/>	Skredfarer rapport/geologi	PDF	Vurderast som nødvendig med utgreiing av grunntilhøve med omsyn til moglege kvikkleireførekomstar, slik at ein kan sikre krav til trygg byggegrunn etter plan – og bygningslova §28-1. For skred frå bratt terreng vurderast det ikkje som nødvendig med andre utgreiingar

			enn for vegareal langs fylkesvegen. Dersom rapport frå konsulent friskmelder området, må dette dokumentet leggjast ved planinitiativet og planforslaget. Faresoner må også markerast i kart, dersom dette har er innlagt i rapporten.
<input checked="" type="checkbox"/>	Flomfarerapport	PDF	<p>Konsulent må ta stilling til korvidt flaumfare ved lokalt bekkedar i aust kan medføre ein risiko for industriområdet. Utanfor dette må ein også vurdere kva effekt stormflo vil ha på industriområdet, og kva tiltak som må innførast for å redusere verknaden av dette mest råd.</p> <p>I utgangspunktet forventar vi at eigne rapportar utarbeidast for ev. flaumfare ved bekken i aust, men for stormflo vil det sannsynlegvis vere tilstrekkeleg med utredning i planomtalen.</p>

Prosess

Særskilde behov for medvernad	Kommentar: Sjå tilsvarande delavsnitt under « <i>viktige vurderingar</i> »
Stipulert framdriftsplan	Varsel om oppstart: 4 v høyring
	Ferdig planframlegg: August/september, 2024.
	Offentleg ettersyn: 6 v høyring
	Godkjend plan: Må vurderast fortløpande.
Behov for seinare dialogmøte mellom forslagsstillar og kommune	<p>Kommentar:</p> <p><i>Konsulent og tiltakshavar tek kontakt ved behov.</i></p>

Fristar for planframlegget:

Kunngjering av oppstart	Seinast 6 mnd etter oppstartsmøte / politisk oppstartssak
Innlevering av planforslag til 1. gongs behandling	Innan 2 år etter oppstartsmøte / politisk oppstartssak

Ved overskriding av desse fristane vert saka avslutta om ikkje plankonsulent har vore i dialog med planavdelinga og fått avtale om andre fristar.

Kommunen sine råd og vurderingar

Er det usemje om vesentlege punkt? Nei



Vil kommunen vurdere å stoppe planinitiativet? (jf. pbl. § 12-8, 2. ledd) Nei

Dersom det er usemje om vesentlege punkt eller administrasjonen foreslår å stoppe planarbeidet jf. § 12-8 kan forslagsstillaren krevje saka framlagt kommunestyret dersom forslaget er i tråd med overordna plan.

Er kravet til fagkyndigheit etter § 12-3 oppfylt?

Ja. Utførande konsulent sender over CV og anna erfaringsdokumentasjon i etterkant av møtet.

Skal forslaget leggjast fram for utval for samfunnsutvikling? Ja

Vidare saksgang:

- Administrasjonen sender over SOSI-fil for barnetrakkundersøking frå 2012, og lenker med datamateriale frå pågåande sak for val av deponi for Fosnavåg hamn.
- Administrasjonen ferdigstiller referat, og sender dette fortløpande til konsulent og tiltakshavar for gjennomgang, før ein går vidare på signeringsrunde.
- Plankonsulent levera oppdaterte plandokument for initiativet med korrigeringar etter oppstartsmøtet, noko som må inkludere tilvist skredfarer rapport.
- Administrasjonen legg fram politisk sak for oppstart i utval for samfunnsutvikling så snart dette let seg gjere. Endeleg tilråding med plangrense vil fastsettast etter val av deponiløysing for Fosnavåg hamn.
- Etter politisk handsaming kjører plankonsulent kunngjering av oppstart for planarbeidet. Herøy kommune må stå som mottakar av kunngjeringa, slik at dato for varsling kan leggjast inn i planarkiv «arealplanar.no» saman med kunngjeringsdokument.
- Konsulent arbeider vidare med planforslag, og levera dette til administrasjonen når dette er klart for 1. gangs behandling.

Anna:

Stadfesting og atterhald

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet og evt. nye utgreiingar som ikkje er nemnt her.

Endringar som må gjerast i planen etter offentlig ettersyn skal som hovudregel gjerast av plankonsulent og kostast av forslagsstillar.

Stad, dato.....

Representantar frå kommunen:.....

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar..... *Tine Marie Frosdal Valde*

Lenke til kommunen sine malar for utarbeiding av planforslag:

[Kravspesifikasjon med siekkliste og mal for utarbeiding av føresegner.](#)